



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar: 16/41739-26
Vår: 19/409 - 19/20464

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
26.06.2019

Oversending av vedtak til klagevurdering - dispensasjon frå tal bustadar gjeve i rekkefølgjekrav - gbnr 202/3 Hjelmås

Saksopplysningar

Eigedom: 202/3
Adresse: Hjelmås
Reguleringsplan: Helleåsen/planid.: 1263-19032007
Tiltakshavar/eigar: Hjelmåsen AS
Klagar: Hjelmåsen AS
Utsett iverksetting: Nei

Saka gjeld:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå rekkefølgjekrav knytt til tal bueningar som kan førast opp før utbetring av fylkesveg skal vere utført .

Avslaget det er klaga på gjeld forståing av unntak gjeve i føresegna med omsyn til tillat utbygging i feltet før kravet til vegutbetring slår inn jf. føresegna § 2.1.1.1, 2. og 3. avsnitt.

«Utbyggjar får byggja ut dei 8 første bueningane før rekkefølgjekravet gjeve i føresegnene § 2.1.1.1 vert gjort gjeldande. Ved bygging i område sett av til einebustader vil det i tillegg vera høve til å byggja sekundærbustad innanfor rekkefølgjekravet.

Fylkesvegen skal vera ferdig før det vert gjeve rammeløyve for oppføring av nye husvære utover det som det er gjev løyve til av husvære før rekkefølgjekravet slår inn.»

Det er no bygd 8 bustadar i feltet, av desse har 3 nytta høvet til å etablere sekundærhustad. Den eine nye bustaden er ein følgje av at fritidsbustad vart riven og det vart gjeve løyve til oppføring av ny bustad på eigedomen.

Det vart gjeve avslag på søknad om varig endra forståing av tal bueningar som kan førast opp før vegutbetring skal vere gjennomført i vedtak datert 06.05.19. Vedtaket er klaga på av Hjelmåsen AS i brev motteke 12.05.19.



Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 19.06.19, der Lindås kommune sitt vedtak datert 06.05.19 vart endra og klagen vart tatt til følge.

Plan- og miljøutvalet fatta slikt vedtak 19.06.19:

PM - vedtak:

Lindås kommune sitt vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå rekkefølgekrav gjeve i Helleåsen/planid.: 1263- 19032007 § 2.1.1.1 og forståing av tal bustadar som kan førast opp innan unntaket i rekkefølgekravet før Fv 391 skal vere utbetra, datert 06.05.19 vert endra. Klagen vert tatt til følge.

Det blir gitt medhald i klage med bygging av inntil 16 bueiningar totalt (både einebustader og einebudstader med sekunderbustad) innanfor reguleringsplanen før rekkefølgekravet om fv 391 skal vere utbetra. Intensjonen i planen vert ikkje satt vesentleg til side. Fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene. Grunngevinga går fram av vedtak datert 12.12.2018 saksnr. 154/18 i Plan- og miljøutvalet.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland og Statens vegvesen som regionalt mynde for klagevurdering.

Saksdokumenta er vedlagt, vi legg og ved vedtak i Plan- og miljøutvalet datert 12.12.18 i vår sak 18/1710 som det vert vist til i vedtaket.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå tal bueiningar får rekkefølgekrav slår inn - gbnr 202/3 Hjelmås
Dispensasjonssøknad om endra profil på utbygging, innanfor allereie akseptert trafikkmengd tilført fv391 frå Helleåsen Bustadområde, før rekkefølgekrav vert oppfylt.

Uttale - Lindås - 202/3 Hjelmås - rekkefølgekrav tal bueiningar - dispensasjon

Uttale til dispensasjon frå rekkefølgekrav i reguleringsplanen for Helleåsen - Gbnr 202/3 Hjelmås

Avslag på søknad om dispensasjon frå tal bustadar i føresegn § 2.1.1.1. i reguleringsplanen for Helleåsen - gbnr 202/3 Hjelmås

Klage på avslag Helleåsen

Klage på avslag på søknad om permanent dispensasjon frå rekkefølgekrav - gbnr 202/3 m.fl. Hjelmås

Kopi til:

Hjelmåsen AS
Statens vegvesen Region vest

v/ Geir Styve Hjelmås
Askedalen 4

5915
6863

HJELMÅS
LEIKANGER

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland
Statens vegvesen Region vest

Njøsavegen 2
Askedalen 4

6863
6863

LEIKANGER
LEIKANGER